

# Per spelman

Norsk folketone

1.

/: Per spelman han hadde ei einaste ku. :/  
/: Han bytte bort kua, fekk fela igjen! :/  
«Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!»

2.

/: Per spelman han spela og fela ho lét, :/  
/: så gutane dansa og jentene grét. :/  
«Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!»

3.

/: «Og om eg vert gammal som stein under bru, :/  
/: så aldri eg byter bort fela for ku. :/  
Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!»

4.

/: «Og om eg vert gammal som mose på tre, :/  
/: så aldri eg byter bort fela for fé. :/  
Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!»

5.

/: «Og om eg vert gammal som skorpe på graut, :/  
/: så aldri eg byter bort fela for naut. :/  
Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!»